



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 4/ 2024 – Tysdag 19. November 2024, kl 17.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:

Sigrund Breistig, Astrid Furdal, 1. vara Kjell Gunnar Nymark og 2. Anne Vierdal.

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Arild Steinsland

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark (Sjuk), Elisabeth Reiersen (anna møte).

Anne Vierdal møtte ikkje då ho var innhabil i sak 16/2024.

Tekst for dagen ved Arild Steinsland.

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.

[25/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 291024.](#)

Drøftingssaker/ godkjenningssaker – aktuelle utlysingar.

16/2024 Kontorsekretærstilling – tilsettingsprosessen.

[26/2024 Intervjuutval og tilsettingsprosess – Kyrkjelydspedagogstillinga.](#)

Sveio, 15.11.2024

Sign

Tor Helge Hardeland
Leiar Fellesrådet

Rita Holmedal
Kyrkjeverje

GODKJENNINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.19	25/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 20/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 291024.

Det var ingen merknader til **Innkallinga**.

Møteprotokollen frå møtet 291024 vart godkjent utan merknader, og signert av Astrid Yasmin Furdal og Tove Bjørge Ottesen.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.19	16/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

16/2024 Ny kontorsekretærstilling etter Brit som slutta i stillinga si fom 011024.

Vår kontorsekretær har sagt opp stillinga si, og vil starte i ny jobb i Stord kommune 011024.

Stillinga vart sagt opp 250624 og gjort gjeldande fom 010724. Avvikling av ferie og ferietid gjorde at utlysing av stillinga vart sett på vent. Det har 'og gitt oss tid til å vurdere om vi midlertidig kan løysa oppgåvene med ressursar vi har tilgjengeleg i systemet vårt. Ei prioritert oppgåve har vore å få på plass ressursar som midlertidig eller på sikt kan overta oppgåvene når Brit slutte.

Forslag til løysing vert presentert i møtet.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 030924:

Forslag til midlertidig løysing vart presentert slik:

Noverande kontorsekretærstilling si 60%-stillingb vert delt i 3 x 20%-stillingar inntil vidare slik:

20% overtar Anne Vierdal som frå før har 25%-stilling som trusopplærar .

Ho vil primært jobbe med oppgåver knytta mot trusopplæring, oppfølging av påmeldingar og andre registreringar, samt post.

Stillinga vert effektuert fom 01.09 for å kunna få til opplæring før Brit slutte og fram tom 31.12. Ny vurdering vert gjort i perioden.

20% overtar Lars Edvart Larsen som frå før jobbe som kyrkjetenar hos oss, samt har vore inne som ferievikar over fleire år på gravplassane.

Han vil primært jobbe med oppfølging av Soknehuset sin utleigedel, bank, post og attesting, bilagsføring og avstemmingar.

Stillinga vert effektivert fom 01.09 for å kunna få til opplæring før Brit slutte og fram tom 31.12. Ny vurdering vert gjort i perioden.

20% overtar Kyrkjevevja. Dette gjeld hovudsakleg oppfølging av rekneskapsdelen som har vore tillagt kontorsekretærstillinga.

Denne stillinga vert effektivert fom 01.10 då Brit slutte.

Behovet for å lysa ut stillinga vert vurdert løpande.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030924:

Fellesrådet innstilte på framlegg frå kyrkjevevja.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 291024:

Vi må finna eller søkja etter vikar for Anne Vierdal som skal ha svangerskapspermisjon frå medio desember. Stillingane det gjeld er Trusopplærar i 25% og Kontosekretær i 20% stilling.

Vidare er det ønskeleg å forlengja den midlertidige 20%-stillinga til Lars Edvart Larsen som kontormedarbeidar ut 2025.

Det vil gi oss tid til å gjera ei ny vurdering når Anne er tilbake frå svangerskapspermisjonen hausten 2025.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 291024:

Vi finn/ søkjer vikar for Anne Vierdal sine stillingar på 25 og 20% i hennar svangerskapspermisjon, og vi forlenger Lars Edvart Larsen si midlertidige stilling ut 2025.

Behandling i møte 291024:

Møtet fremja eit forslag om å lysa ut ei 60% stilling som kontorsekretær.

Kyrkjevevja meinte at her var gjort eit vedtak i møtet 030924, som var godt dokumentert ut frå behovet i administrasjonen, og som starta ein tilsetjingsprosess som vi må halda oss til.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 291024:

Møtet vedtok forslaget som vart fremja i møtet, forslaget er vedlagt.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 191124:

Kyrkjevevja ønskjer å setja fokus på prosessen – det vart gjort eit vedtak i møtet 03.09 som var godt dokumentert frå Kyrkjevevja si side.

Gjer her merksam på at det er Kyrkjevevja sitt ansvar å følgja opp og dokumentera behovet for ressursar til ei kvar tid. Fellesrådet skal gi rammer og tilsetja ut frå dokumentert behov. Innhaldet i stillingar endrar seg over tid – det gjeld 'og Kontorsekretærstillinga – der bla gravplassprogrammet er

overført til Kyrkjevevja utan at kontorsekretærstillinga er blitt redusert. Det har gitt ei skeivfordeling som må rettast opp. Det er vidare viktig, ved slike høve, å vurdere om vi har interne resursar med nødvendig kompetanse og med ønske om utvida stilling, som kan overta heile eller deler av stillinga. I ein liten STAB er det 'og viktig med personar som kan bidra på fleire området. Vidare har det vore eit mål å kunna ta i mot besøkjande og telefonar heile veka – dei fleste besøkjande og inngåande telefonar skal til Kyrkjevevja eller til prest. Det er derfor viktig at det er desse dei møter når dei kjem eller tar kontakt. Vi må unngå at noko tar i mot – berre for å vidaresemda/ overføre til andre – det er misbruk av tid.

Alt dette hadde Kyrkjevevja vurdert og dokumentert til møtet 03.09, og den fordelinga som vart gjort var med bakgrunn i desse vurderingane. Organiseringa av dei ulike behova/ stillingane må liggja hos Kyrkjevevja – det er vedkomande som er ansvarleg for at vi har ei effektiv drift med gode overlappingar.

Så litt om prøvetid. Dersom du er tilsett på prøvetid, og fungerer godt i arbeidet du er sett til å gjera, har du ein rettighet i høve til vidare jobb – dette gjeld 'og om du er tilsett i midlertidig stilling og denne vert vidareført. Og i og med at desse stillingane er knytta direkte opp til oppgåver for Kyrkjevevja, er det vedkomande som følgjer opp, har samtalar med og gir tilbakemelding løpande til dei som er tilsett i stillingane.

Det var denne oppfølginga som danna grunnlag for Kyrkjevevja sitt forslag til vedtak i møtet 29.10.

Vi har fått to godt kvalifiserte personar knytta opp mot oppgåvene dei er tildelt, og Kyrkjevevja har endeleg fått ei stillingsramme som gjer det muleg å få fylgt opp alle aktivitetar som er knytta opp mot stillinga på ein god måte. Vi har med dette 'og fått på plass personar som kan brukast til overlapping på andre viktige område som kyrkjetenaroppgåver og gravplassoppgåver – slik at vi ikkje vert så sårbare ved frávær. Og ikkje minst har vi no fått eit kontor der innbyggjarane kan nå oss på alle kvardagar 😊.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 191124:

Styret opprettheld vedtaket frå 03.09.24. Det vart iverksett frå same dato, og dei som er tilsette har tilpassa dei nye stillingane til andre eksterne stillingar og aktivitetar. Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 29.10 var ei vidareføring av vedtaket som vart fatta 03.09.24 - ut frå prøvetida som har vist to godt kvalifiserte personar, som det er ønskjeleg å gå vidare med. Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 29.10 bør dermed vedtakast.

Behandling i møte 191124:

Kyrkjevevja innleia med å fortelja litt om dei to vi no har hatt på prøve, og som det er ønskjeleg å gå vidare med - slik det går fram av kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 29.10. Desse gjer ein svært god jobb på kvart sitt område – hovudområda er oppfølging trusopplæring/ dåp, vigslar og det andre rekneskap med billagsføring og attesting. Ho presenterte 'og ei oversikt som viste korleis oppgåvene i den aktuelle 60%-stillinga no var fordelt, vedlegg sak 16/2024 A

Vidare har vi endeleg fått på plass ei 100% stilling for Kyrkjevevja. Det var noko som var eit uttalt mål frå styret og styreleiar si side då noverande Kyrkjevevje vart tilsett, og tidlegare Kyrkjevevje gav heilt klart uttrykk for behovet. Kyrkjevevja rekne med at styret framleis har dette som eit mål.

Vi har med denne løysinga fått ei ordning der Kyrkjekontoret kan vera ope heile veka, samt at vi har fått til ei god overlapping på kyrkjetenar- og gravplassoppgåver – særleg har dette vore sårbart under gravferder.

Kyrkjevevja forlot møte då hennar stilling vart handsama.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 191124:

Møtet oppretthaldt vedtaket frå 29.10 om å tilsetja kontorsekretær i ei 60% stilling, vedlegg sak 16/2024 B.

«1. Kontorstillinga på Kyrkjekontoret blir lyst ut i 60% stilling. Stillinga skal lysast ut snarast, og seinast den 010125.

Vidare skal det setjast ned ei ressursgruppe som skal vurdere stillingsbehovet i Sveio Kyrkjelege Fellesråd, vedlegg sak 16/2024 B.

2. Det blir sett ned ei ressursgruppe for gjennomgang av ressursbruk av alle stillingar Sveio Kyrkjelege Fellesråd innan den 010625. Gruppa er samansett av 3 personar frå KF, der leiar, nestleiar og eit medlem blir med i tillegg til Kyrkjevevja og Soknepresten. Målet er at denne gruppa skal byrja arbeidet sitt alt i januar 2025».

Kyrkjevevja hadde følgjande merknad til vedtaket:

Det er skuffande og utfordrande at ei så grundig grunngjeving for ny organisering av kontorsekretærstillinga ikkje vert vektlagt frå styret si side.

Vedkomande nedsetting av ressursgruppe for å vurdere ressursbehovet i Fellesrådet - så meiner Kyrkjevevja at det alt er gjort ei grundig vurdering av stillingsbehovet i samband med stillinga som Kyrkjelydspedagog og stillinga som Kontorsekretær – der både trusopplæringsutvalet, sokneråda og administrasjonen har hatt relevante stillingar til uttale. Slike vurderingar må alltid gjerast i forkant av nye stillingsbehov/ endringar.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
19.11.24	26/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 26/2024 Val av intervjuutval, og tilsettingsprosess - Kyrkjelydspedagogstillinga.

Vi har mottatt to søknader til denne stillinga, og det kan vera ønskeleg å kalla begge inn til intervju.

INTERVJUUTVAL.

I den samanheng må Fellesrådet setja ned eit utval som skal gjennomføre intervjuprosessen. I tillegg må det takast stilling til om intervjuutvalet skal tilsetja - eller om tilsettinga skal skje i Fellesrådet.

Ut frå tidlegare intervjuprosessar så har slike utval vore samansett av Kyrkjevevje, leiar av Fellesrådet, tillitsvald og eventuelt ein person til frå Fellesrådet.

TILSETTINGSUTVAL eller FELLESRÅDET:

Tilsetjinga har nokre gonger vore delegert til Intervjuutvalet – andre gonger har sjølve tilsetjinga vore i Fellesrådet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 191124:

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjevevja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet og prest Arild Steinsland bistår. Presten er vurdert ut frå grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga inneheld. Vi har pr dato ingen tillitsvald i Fellesrådet. Dersom presten ikkje kan, går Haldis Rolfsnes Stueland inn i Intervjuutvalet.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Kyrkjelydspedagog – dette fordi at vedkomande som vert innstilt, skal kunna seie opp noverande stilling seinast 30.11.

Dersom Fellesrådet skal tilsetja, må det gjerast straks etter at intervjuutvalet har avslutta intervju og innstilt kandidat.

Behandling i møte 191124:

Følgjande endring vart fremja i møtet: Solfrid Lier Habbestad, påtroppande leiar i Fellesrådet, går inn i utvalet i staden for noverande leiar Tor Helge Hardeland

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 191124:

Intervjuutvalet:

Kyrkjevevja leiar intervjuprosessen, Solfrid Lier Habbestad, ny leiar i Fellesrådet, og prest Arild Steinsland bistår. Presten er vurdert ut frå grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga inneheld.

Tilsetjingsprosessen.

Møtet innstilte på framlegg frå Kyrkjevevja: Intervjuutvalet innstiller og tilset ny Kyrkjelydspedagog.

Rita Holmedal – Kyrkjevevje/ referent

Signaturar: